

Bømlo kommune
Kommunehuset
5430 BREMNES

Vår dato: 05.11.2025

Vår ref.: 202204126-11 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 2021/5688

Sakshandsamar: Gert Vidar Høgseth,
22959543, gvho@nve.no

NVE sin uttale til avgrensa høyring av revidert framlegg til detaljregulering for Serklau industriområde - Mosterhamn, PlanID 20218, Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 07.10.2025. Saka gjeld avgrensa høyring av revidert framlegg av detaljreguleringsplan for Serklau industriområde.

Bømlo kommune ber om NVE sin uttale i høve endringane som er gjort i planen i forhold til områdestabilitet.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

NVE gav konkret uttale om områdestabilitet i brev datert 08.07.2025. NVE gav eit fagleg råd om å markere dei delane av planområdet med utfordringar knytt til områdestabilitet med omsynssone H310 Skredfare, og at det til omsynssona bør knytast ei føresegn som set forbod mot utfylling innanfor omsynssona.

Områdestabilitet i planområdet er vurdert av Multiconsult (rapport datert 06.11.2025) og ERA Geo (rapport datert 07.07.2025). Rapportane dokumenterer områdestabiliteten for både sjø- og landområde.



På vestsida av industriområdet er det påvist sprøbrøtsmateriale i sjøen. To omsynssoner i plankartet, merka H310 Ras- og skredfare, dekker den aktuelle delen av planområdet med sprøbrøtsmateriale. Dette er i samsvar med vårt råd i brev datert 08.07.2025.

Den største omsynssona, lengst nord og vest, er merka H310_2 i plankartet. ERA Geo sin rapport dokumenterer at områdestabiliteten for eksisterende utfyllingar/landområde i området er tatt i vare, men at *«utfylling i sjø må utføres med spesifikke metoder og tiltak for å tilfredsstille lokalstabilitet, og utfylling fra tipp på stedlige masser uten videre tiltak vurderes ikke tilstrekkelig basert på utførte stabilitetsberegninger»*. Til omsynssona er det knytt føresegn som seier at områdestabiliteten i høve ny utfylling ikkje er dokumentert, og at det er forbod mot utfylling i området. Føresegna tek på denne måten i vare tryggleiken i denne delen av planområdet.

I omsynssona merka H310_1 i plankartet, ligg NÆ6. Her er det planlagt for utfylling. I dette området har ERA Geo gjort konkrete vurderingar for planlagt utfylling, og det er gitt konkrete råd for korleis arbeidet kan utførast i rapporten. Til omsynssona er det knytt føresegn som legg til rette for utfylling, men at det må gjerast supplerande geotekniske vurderingar før utfylling for å tilfredsstille lokalstabilitet. Føresegna tek på denne måten i vare tryggleiken i denne delen av planområdet i samsvar med ERA Geo sine tilrådingar.

Dei siste endringane i planen følger NVE sine råd og anbefalingar som vart gitt i brev 08.07.2025. NVE har ingen merknader til vurderingane og endringane som er gjort i høve områdestabilitet i plandokumenta.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til



saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Gert Vidar Høgseth
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Bømlo kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE